



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjordal og Ortnevik sokneråd

### Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 07.02.23 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Joar Oppedal, Alf Magnar Svartemyr, Geir Sørebo og sekretær Ann Iren Østerbo.

Åge Østerbo og Ingunn Østerbo på telefon.

Fråverande: Kenneth Førde og vara Jon Nesheim

Liv-Gunnbjørg Søreide var med på møtet for å legge fram rekneskapen for 2022.

Geir ba ei bøn til opning.

Innkallinga vart godkjent, i tillegg 3 meldingssaker og 2 saker til eventuelt.

#### Meldingssaker:

- 07/23 Info frå fellesrådet v/Sissel – dei nye tilsetjingane: Ali Kharrat frå Syria har starta som adm.sekretær på kyrkjekontoret i Høyanger. Stig Jonny Fitje tek over som kyrkjeverje 1. april.
- 08/23 Ann I. sa litt om årsstatistikk for DNK 2022.
- 09/23 Joar og Ann I. var på valkurs i Førde 11. jan. Der var mykje informasjon og mange fristar. Viktige datoar no blir frist for innlevering av listeforslag 31. mars og kunngjering av valliste 2. mai.
- 10/23 Møte i trusopplæringsutvalget 17. januar hjå Camilla i Ortnevik. Sissel, Heike, Mari-Ann, Camilla og Ann I. møtte og planla tiltak våren 2023.
- 11/23 Kari Søreide er ekstra revisor for soknerådet.
- 12/23 Song på Bygdetunet anna kvar måndag frå kl. 17.00 -17.45. Oppstart 30. januar. Kari, Sølvi Gunn, Mari-Ann og Sissel inviterer.
- 13/23 Vi har ikkje meldt inn eigne kandidatar til bispedømmerrådet. Frist var 1. februar.
- 14/23 Det blir gudsteneste i Høyanger med avskjed for Bjørnar Otterstein 5. mars. Fire personar frå kvart sokn kan vere med på kyrkjekaffi i bedehuset etterpå. Sissel og Alf – M. blir med. Mari- Ann og Olav Fridtun får invitasjon.
- 15/23 Ny biskop i Bjørgvin blir kunngjort 9. feb. Denne personen blir vigsla 16. april - Sissel er påmeldt.
- 16/23 Foreløpig usikkert om soknepreststillinga blir utlyst til våren. Geir er vikar fram til 1. juni.

#### Sakliste

##### Sak 06/23 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 3. januar.

**Vedtak :** Møteprotokoll for 3. januar vart godkjent.

##### Sak 07/23 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- Gudsteneste med dåp i Ortnevik 8. jan. – 32 personar. Anders B. spelte. Solosong v/ A. Ådland i dåpsfamilien. Sissel var kyrkjevert.
- Gudsteneste i Bjordal 22. jan. 11 – personar. Sølvi Gunn var kyrkjevert. Hyggjeleg samver etterpå med enkel kyrkjekaffi.
- Song på Bygdetunet 30. jan. – 19 framømte. Olav B. spelte trekkspel.
- Mat og prat på Osland Brygge 1. feb. – Tredje trusartikkel v/ Geir – 8 tilstades.
- Myldresamling i Ortnevik grendehus 5. feb. v/ Heike - 7 born
- Framleis God helg v/Geir Sørebo på nett – soknerådet kan dele linken vidare for å nå fleire følgjarar!

##### Sak 08/23 Rekneskapen for 2022 v/ Liv-Gunnbjørg

Liv-Gunnbjørg la fram rekneskapen for soknerådet. Sum inntekter kr 70.225,88 og sum utgifter kr 68.380,47 Overskot på kr1845,41 I banken 01.01 23. har soknerådet kr 28.889,88 Rekneskapen er revidert og funne i orden. Liv-Gunnbjørg er viljug til å halde fram som kassarar for soknerådet dersom det ikkje blir nye reglar for dataføring av rekneskapen.

**Vedtak:** Soknerådet godkjenner rekneskapen for 2022.

##### Sak 09/23 Årsmelding. Leiaren la fram årsmeldinga for 2022. Det kan vere ein ide å evaluere året som har gått for å vurdere kva som fungerer og ikkje, og kva ein bør satse på vidare. Dette kan takast opp på årsmøtet.

**Vedtak:** Soknerådet godkjenner årsmeldinga for 2022

##### Sak 10/23 Kandidatar til soknerådsvalet

Soknerådet har vedteke å endre tal medlemmer frå 6 til 4 i tillegg til 3 vara.

Saka skal opp på årsmøte for endeleg vedtak.

Sissel, Ingunn og Åge kan stille til attval. Dette er veldig bra når det gjeld kontinuitet.

Camilla M. Ådland har blitt spurt og har sagt ja. Det bør vere 10 personar på listeforslaget.

Soknerådet diskuterte aktuelle personar og fordelte kven som skulle spørje kven. Det er ein fordel med jamn fordeling mellom kjønn, alder og frå dei ulike bygdelaga.

**Vedtak:** Dette vart bestemt:

Ingunn høyrer med Bente Lene Myren og Torstein Aarnes Solli.

Alf M. høyrer med Kari Agnethe Ynnesdal, Irene Breivik Grøneng og Olav Anders Øvrebø / evt. kona

Sissel høyrer med Sølvi Gunn Kalstad og Silke

Geir spør Terje Søreide, Kjersti Søreide og Kjetil Rørtveit

Liv-Gunbjørg høyrer med Ann Kristin Hagen

Åge tek kontakt med Ingar/ Hanne Førde

Joar snakkar med Inge Brekke, Fredrik Knutssøn, Martine Villanger og Kjerstin Solend.

Alle gir beskjed til Ann Iren innan 20. februar når ein har fått svar frå personane.

### **Sak 11/23 Diakoniplan for 2023**

**Vedtak:** Songstund på Bygdetunet kvar 14. dag er tatt inn i planen. Geir held andakt på Bygdetunet ein gong i månaden fram til sommaren. Soknerådet godkjenner diakoniplan for 2023 med dei endringane som er gjort.

### **Sak 12/23 Stoff til neste Helgestunder.**

**Vedtak:** Alf M. får ansvar for å ta bilder på gudstenesta/årsmøte 12. feb. Sissel skriv om aktivitetane framover. Elles er det bra med stoff til dette nummeret.

### **Sak 13 /23 Møteplan vidare.**

**Vedtak:** Tysdag 14. mars kl. 17-19 i Gamlebanken

### **Eventuelt**

#### **Sak 14/23 Støtte til dagsturhytte på Søreide.**

Det er planar om å bygge ei dagturhytte på Søreide. Kostnaden blir på 1,5 mill. Av desse skal ein samle inn eigenkapital frå bedrifter, organisasjonar og liknande på kr. 410. 000,- Hytta kan nyttast til diverse opplegg for personar i alle aldrar. Soknerådet ser positivt på opplegget.

**Vedtak:** Soknerådet løyver kr 2.000,- til dagsturhytte på Åsenutsikta. Sissel sender e- post til leiar Marte Søreide.

#### **Sak 15/23 Kyrkjetenarstillinga i Bjordal.**

Kyrkjetenarstillinga har vore utlyst og står fortsatt ledig. Fleire personar har vorte utfordra.

Soknerådet jobbar vidare med å kontakte aktuelle personar som kan vere i ei gruppe som samarbeider om oppgåva.

**Vedtak:** Åge tek kontakt med Laila Holen.

Sissel snakkar med Kenneth Førde, Anne Mette Moen og Sølvi Gunn Kalstad.

Geir kontaktar Kjell Jan Myren.

Frist for tilbakemelding 20. februar til Ann Iren.

#### **Sak 16/23 Gåve til Norvald Bjordal for mange år som kyrkjetenar i Bjordal.**

12. februar blir det markering i kyrkja i Bjordal for Norvald som har vore kyrkjetenar i mange år.

Soknerådet har bestemt å gje han ei miniatyr utgave av kyrkja som trearbeidar Arthur skal lage.

Den vil koste 2000 kr.

**Vedtak:** Soknerådet og fellesrådet delar på kostnaden for gåva med 1000,- frå kvar.

Sissel Sørebo  
leiar

Ann Iren Østerbo  
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor